

Til Verksemder i Stord kommune
med samfunnskritiske oppgåver

Vår dato: 15.03.2020
Vår ref: 2020/809 - 7733/2020 / G16
Dykkar ref:

Restriksjonar for tenester med samfunnskritiske oppgåver i Stord kommune

Stord kommune har fleire tiltak som skal hindrespreiing av Covid-19, koronavirus. Informasjon kring kommunen sine tiltak knytt til situasjonen vil du finna meir om her: [Stord kommune sine informasjonssider i Koronasituasjonen](#)

Me vil først av alt trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort i næringa, og me ser stadig at næringa tek eigne grep for å avgrensa smittespreiing. Like fullt, vert det tydeleg at lokale tiltak kanskje ikkje alltid er nok, og situasjonen krev ytterlegare grep.

Me har nokre definerte samfunnskritiske oppgåver der me ønskjer eit særleg fokus på tiltak for å hindra smittespreiing. Stord kommune forventar særskilde tiltak frå alle aktørar, og du mottok dette skrivet med målsetting om å sikre at samfunnskritiske oppgåver kan fortsetja si drift gjennom denne tida. Tenesta de yt til innbyggjarane er viktig for oss å oppretthalda.

Særskilde samfunnskritiske tenester utanom kommunen og helseføretaka si eige drift er her definert:

- Apotek
- Daglegvarehandel
- Bensinstasjonar

Tiltak for tenester med samfunnskritiske oppgåver

Alle tenester som mottok denne henvendinga, bes om å ta stilling til desse tiltaka, og melde attende til kommunen på epost: post@stord.kommune.no , Merk attendemeldinga «Tiltak korona»

- 1 Unngå i størst mogleg grad publikumsmottak.
 - a. Kan publikumsmottak stengast?
 - b. Kan drifta oppretthaldast utan fysisk kontakt?
- 2 Sikre at tilsette unngår smitte
 - a. Utarbeid sjekklister for tilsette – kva tid skal ein på jobb, og kva tid skal ein ikkje på jobb?
 - b. Beskriv konkrete tiltak som er innført i arbeidslokale for å hindre smitte mellom brukarar og/eller tilsette

Stord kommune ber om attendemelding på dette så snart som mogleg, seinast innan onsdag 18.mars 2020. Me oppmodar om at publikumslokale vert stengt, og at de lagar tiltak for vidare drift utan fysisk kontakt.

Dersom de treng retningsgivande informasjon som kommunen nyttar for eiga drift, finn ein det her: [Arbeidsgjevars tiltaksplan for tilsette i Stord kommune](#)

På vegne av kriseleiinga i Stord kommune

Magnus Mjør
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift